

Dato	Elevnummer	Kjønn	Det første språket du lærte		Utkast:
Januar 2014	p612	jente gutt	Norsk	Anna	2

Ulike meninger om tv – og dataspel

Me veit at stadig fleire brukar fritida si på tv – og dataspel. Eg har undersøkt kva elevane i klassen min meiner om tv – og dataspel. No skal eg fortelja om det me i min klasse meiner om dette og til slutt skal eg skriva om mine egne meninger. Kva er egentleg positivt og negativt med tv – og dataspel?

Elevane i min klasse meiner at det kan være både sosialt og usosialt å spela dataspel. Det er til dømes sosialt å spela online dataspel, for på mange onlinespel går det an å chatta og spela i lag med folk. Då kan du få nye venner. Det er og nokre som har LAN som vil seie at fleire samlar seg og spelar ilag. Det som kan være negativt er at visst du sitter inne og spelar i staden for å være med venner og være sosial.

Det kom fram at det også kan være negativt visst du speler til dømes skytespel og liknande for då kan du få negativ påvirkning. Det som er positivt med nokre spel er at du kan lære ting, språk, nye ord, osv. Det er negativt at du kan lære dumme ord.

Me syntes det er bra med spel at visst det kanskje regnar masse ute og heller sitte inne å spela så du har noko å gjera på. På mange spel kan du lære og bruka fantasien meir, og bli meir kreativ. Mange syntes at det er bra at det finnes spel ,t.d mange wii spel, der du beveger deg.

Dei i klassen min meiner at det er dumt med spel at det er lett og bli avhengig. Det er dumt at visst du blir avhengig av spel kjøper du sikkert masse spel og det kan bli veldig dyrt.

Mange av gutane i klassen bruker opptil 5 timar om dagen på spel. De fleste jentene bruker ca 3 timar (men på chat og liknande).

Me i min klasse meiner vertfall at det er både positive og negative ting med tv – og dataspel. Mi personlege mening om dataspel er at det er både positivt og negativt. Du kan lære nye ting, bli meir kreativ og lære og bruka fantasien din. Eg syntes det er dumt med spel at det ofte kan bli usosialt, men det er jo bra at det finnes sosiale spel og spel som du beveger deg på og. Eg syntes at det holder med 3 timar eller mindre speling kvar dag. For visst du spelar veldig masse blir du ofte spelegal og du får kanskje ikkje nok aktivitet. Det er jo ikkje bra med for lite aktivitet og sitte mykje i ro!! Men eg syntes det er greitt å spela, men ikkje for masse ☺

